



Skippar Olaf Iversen tek ein kopp kaffe mellom regnbygene. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Brislingbruket Spjæringen frå Hvaler i Østfold har dei siste dagane vore å sjå ved Sandakaien, men det er slett ingen sensasjon at det er så langvegsfarande fiskarar i Hardangerfjorden. Det er rett og slett normalt, opplyser skippar Olaf Iversen til uskedalen.no mellom regnbygene måndag føremiddag. Dei er han ikkje så vant med heimafrå, eit område som truleg har flest soldagar i året her i landet.



Brislingbruk frå Hvaler ved Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er vel brisling å få også i Oslofjorden?
- Absolutt, men der går fisket føre seg først frå oktober til jul. Og då er situasjonen gjerne omsnudd, slik at fiskarane herifrå kjem til oss. Det gjeld til dømes uskedelingen Jostein Legland, som eg kjenner godt og som eg har hatt kontakt med her, fortel Olaf.

Han har hatt Spjæringen dei siste fire åra. Før dreiv han tråling etter reker og fisk, men så gjekk han over til noffiske etter sild, makrell og brisling. Spjæringen er kalla opp etter Spjærøy. Det er ein av dei fire store øyene i øyriket Hvaler, der det framleis er så mange som 90 yrkesfiskarar.

- Korleis har fangstane vore til no i vår del av fjorden?
 - Ein kan vel seia at dei har vore omtrent 'midt på treet'. Til no har vi fått 50-60 tonn, som står i eitt steng på utsida av Skorpo og eitt steng ved Herøysund. Fisken blir forresten henta av ein båt frå Sotra seinare i dag. Fisket har vore bra her ved Skorpo og aktiviteten stor - eg har sett så mange som 12 lys i området mellom her og Husnes.
- Held det fram slik, blir vi nok her to-tre veker til, trur skipparen.

- Og provianteringa skjer på SPAR?
- Jaua, det er ein bra butikk!

Av Ola Matti Mathisen